



Per Leonhard Søfteland
Dalstøvegen 54
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19367 - 21/828

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 319/66

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 319/66
Tiltakshavar: Ole Bjørn Monsen
Ansvarleg søkjar: Ole Bjørn Monsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittring med gjenpart av nabovarsel må sendast inn.
2. Dispensasjonssøknad er grunngjeva, men det er ikkje definert kva det søkjast dispensasjon frå. I rettleiinga har de fått opplysningar om at dispensasjon skal søkjast frå byggjegrænse mot sjøen og frå føremål i sjøen- bruk og vern av sjøen i kommunedelplan for Meland.
3. Vi trenger målsatte skisser, teikningar, illustrasjonar og ikkje berre situasjonskart for å vurdere dispensasjonen. Før vi sender saka til uttale til statlege instansar ber vi om fleire opplysningar. Det skal vere oppgitt materialbruk og dimensjon på tiltaka.
4. Grunneigar må samtykke til tiltaket då heile tiltaket ligg på gbnr 319/5.
5. Det må søkjast om løyve til Bergen hamn før vi kan handsame søknaden.
6. Når det gjeld nabovarsel til Alver kommune har dei to veker med å kome med merknader frå mottakelsesdato.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan **06.02.21**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Bjørn Monsen
Per Leonhard Søfteland

Galtenesvegen 110
Dalstøvegen 54

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG